



LINDÅS KOMMUNE  
Teknisk etat  
Byggesaksavdelinga  
5914 Isdalstø

Arkiv: 214/048  
Saksmappe: 03/01857-3  
Sakshandsamar: Fridtjof Fosse

Asle Holthe

Søråsbrotet 3  
5235 RÅDAL

# ARKIV

Saksnr	Sakstype	Vedtaksdato
327/03	<i>Delegert sak handsama av bygningssjefen</i>	14.11.2003

## Søknad om utsleppsløyve - fritidsbustad - felles kloakkanlegg m/utslepp til sjø. Asle Holthe - gnr 214 bnr 048 - Storneset Fyllingsnes

### Dokument :

Søknad om utsleppsløyve motteken 16.09. 2003.

- Teikningar m/ terrengprofil i målestokk 1:100
- situasjonsplan i målestokk 1: 500
- kvittering for nabovarsel
- søknad om ansvarsrett og kontrollplan
- 

Utgreiling og situasjonskart frå Asle Holthe, motteke 16.09.03 (vedlegg 1 og 2)

### Saksutgreiling :

Saka gjeld innlegging av vatn og vassklosett i eksisterande fritidsbustad (gnr 214, bnr. 048) i "Strandplan for del av Storneset" for hytter på Fyllingsnes. Avløpsanlegget er planlagt som fellesanlegg slik at andre eideomar i dette rensedistriket skal kunna kopla seg til utsleppsleidningen seinare.

Kvar hytte skal ha kvar sin slamavskiljar og avløpsvatnet skal førast vidare i felles utsleppsleidning til sjø på djupt vatn i Osterfjorden utanfor Litlevågen.

Denne søknaden gjeld første byggetrinn som er omtala i utgreilinga (vedlegg 1) og vist på situasjonskartet (vedlegg 2).

Neste trinn vert å forlenga utsleppsleidningen frå pkt. A og vidare oppover i området når fleire hytter ønskjer innlagt vatn og vassklosett. Dei må då kopla seg til fellesanlegget/utsleppsleidningen.

På strekningane A-B og C-D vert utsleppsleidningen lagt i borehol. På strekninga B-C vert utsleppsleidningen lagt i grøft som vert tildekkja. Frå D til utsleppsstaden utanfor Litlevågen vert utsleppsleidningen lagt på sjøbotnen.

### Vedtak:

- I medhald av Lokal forskrift for bruk av mindre avløpsanlegg i Lindås kommune vert det gjeve løyve til avløp for eit fellesanlegg for inntil 15 PE. Avløpet frå kvar hytte skal gå gjennom ein 2 m<sup>3</sup> 2-kamra slamavskiljar av godkjent type, før utslepp gjennom ein felles utsleppsleidning som skal ha min. 0,4 m overdekning og førast direkte til sjø på min. 20 m djupne i Osterfjorden utanfor Litlevågen.

Leidningen skal sikrast mot gnaging og ikkje synast nokon stad i terrenget eller i strandkanten. Leidningen skal forskriftsmessig forankrast med avrunda lodd med nedsenka boltar, slik at den m.a. ikkje er til skade for fiskereiskapar.  
Slamavskiljarane skal plasserast slik at dei kan tømmast av slamsugarbil.  
Eigar av utsleppsløyvet er ansvarleg for evt. forureining, jf. § 7 i forureiningslova.

2. Andre eigedomar/tomter i området må få høve til å kjøpa seg inn og kopla seg til utsleppsleidningen dersom kommunen gjev løyve til det og tilhøva elles ligg til rette for å auka kapasiteten på utsleppet.  
For kvar hytte som skal koplast til fellesanlegget må det sendast inn søknad/melding til kommunen for godkjenning.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år. (jf. Pbl. § 96)


Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve (pbl § 99).

#### **Godkjenningar (Pbl §§ 93 b, 98 og 98 a )**

*Hjelmås VVS* vert godkjent som ansvarleg føretak for følgjande godkjenningssområde:  
SØK UTF/KUT 311.2, 846.2

*Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagt orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd)*

for bygningssjefen

  
Fridtjof Fosse  
sakshandsaman

Kopi til: Hjelmås VVS, Apalen, 5915 Hjelmås